



forum for
natur og friluftsliv i
Sogn og Fjordane
Oppland

Oppland Fylkeskommune
Pb. 988
2626 Lillehammer
postmottak@oppland.org

Leikanger 11.11.2015

Høyringsfråsegn frå Forum for natur og friluftsliv i Oppland og Sogn og Fjordane til Regional plan for Ottadalen – 3.gangs ettersyn.

Forum for natur og friluftsliv i Oppland og Sogn og Fjordane har gjort seg kjend med utsendte høyringsdokument og vil gje følgjande høyringsinnspele. I Sogn og Fjordane har vi fått ein kollektivt utsett høyringsfrist og voner det er i orden med eit samordna innspele frå FNF på begge sider av fylkesgrensene til den utsette fristen.

Innspelet gjeld følgjande føreslegne endringer:

1. Fjerne retningslinjene for «Fjell og fjordbygder».
2. Flytte grensen for buffersonen ved Billingen i tråd med styringsgruppevedtak før 2. gangs høring.
3. Endre Uppnose fra «Randsone» til sone for «Fjell og fjordbygder».

1. Vi meiner det er viktig at det vert sett retningslinjer for sone C «Fjord og fjellbygder» som ivaretek villreinen sine interesser både på kort sikt gjennom ulik sesongbruk gjennom året og på lang sikt i høve endringar i bruks- og beitemønster.

I kommunane sin planlegging gjeld både plan- og bygningslova, PBL og naturmangfoldlova, NML. Desse vil kunne ivareta villreinen sine interesser uavhengig av regional plan, men vi meiner at det vil gje uheldige signal å fjerne dei retningslinjene som opphavleg stod i 2.gangs versjonen av planen, nattopp for å styrke villreinen sine levekår over tid. Vi ber difor om at retningslinjene som stod i 2.gangs utgåve av planen vert teke inn att.

2. Om grenseendring for buffersonen ved området ved Billingen kan vi støtte dette om det vil føre til betre kanalisering av ferdsel og minimere uroing av villreinen over meir spreidde område.

3. Området Uppnose bør framleis vere i sone B «Randsone» og ikkje flyttast over i sone C «Fjell og fjordbygder». Vi meiner denne endringa vil komme i konflikt med kjent kunnskap frå NINA Rapport 643 «Villreinen i Ottadalen. Kunnskapsstatus og leveområde» kor området er klassifisert som «leveområde utan observasjonar i nyare tid». Desse område kan ved hard nedbeiting av noverande mykje brukte område eller klimaendringer verte viktige vinterbeite på lik linje med Jettaområdet i Vågå og andre tilsvarande tanger mot vest. Vi meiner difor det er viktig at dette området vert liggande i sone B «Randsone», alternativt i sone A.

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost sognogfjordane@fnf-nett.no

Nettside www.fnf-nett.no/sognogfjordane

Viser til vårt høyringsinnspel av 31.01.2014: «*Planen må ivareta utfordringene vi står foran ved klimaforandringer for villreinen- og fjelløkosystemet på en tilstrekkelig måte. Villreinen vil kunne påføres større stress med insektsplage, vanskelig og isete beitegrunnlag, og reduksjon eller bortfall av viktig snødekket dyrere på sommeren. Større sammenhengende og lite påvirkede naturområder er mer robuste og vil være bedre i stand til å møte dette trusselbildet. Vi mener at rapporten – "Forventede klimaendringer og ei framtid for villreinen" av Olav Strand, Norsk institutt for naturforskning (NINA) dokumenterer dette.*»

- *Medvirkning: Vi mener at en bred medvirkning i planprosessen er avgjørende og er bekymret over at vårt FNF-forum som representerer både lokale-, regionale- og nasjonale allmenne bruker- og verneinteresser ikke har blitt invitert til å delta i faggruppen. Vi er kjent med gjennomføring av lokale åpne møter, men mener at dette ikke har gitt tilstrekkelig medvirkning. Vi viser til regional plan for Rondane-Sølnkletten hvor vårt FNF-forum deltok i prosjektgruppen for planarbeidet og til regional plan for Dovrefjellområdet hvor FNF-nettverket er invitert til deltagelse i faggruppen.*

Utover dette har vi følgende øvrige innspill som tidligere er tatt opp ved første høring:

- *Villreinens behov må prioriteres ved etablering av fritidsbebyggelse og reiselivsvirksomhet i området. Om et utbyggingsprosjekt er faglig tilrådelig utfra naturens tålegrense, vil vi be planen prioritere allmenne interesser som friluftsliv framfor private interesser*
- *Ved en mulig interessekonflikt mellom naturverdier og næringslivsinteresser, er det vesentlig at naturens tåleevne legges til grunn. Vi vil i forbindelse med planarbeidet minne om at målsetningene i naturmangfoldloven må være prioritert. Viktige momenter vil være: § 1. (lovens formål), § 4. (forvaltningsmål for naturtyper og økosystemer), § 5. (forvaltningsmål for arter), § 6. (generell aktsomhetsplikt), § 8. (kunnskapsgrunnlaget), § 9. (føre-var-prinsippet) og § 10. (økosystemtilnærming og samlet belastning).*
- § 11. (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver) og § 12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder) er også relevante i denne sammenheng*

Tilleggskommentar fra Sogn og Fjordane knytt til inngrep i Sone A og område viktige trekkområde villrein:

Ei problemstilling vi vil nemne i tillegg gjeld konsesjonsøknad til utbygging av Illvatn pumpekraftverk i Luster kommune, no til handsaming i OED, der: NVE har tilrådd overfor OED ei utbygging som inkluderer eit tverrslag nær sørrenden av Illvatnet, og deponering av massar under HRV (høgste regulerte vasstand) i den sørlege delen av vatnet.

Hydro har i brev til OED 06.01.2015 bedt om at tverrslaget skal kunne flyttast, og at massane skal kunne deponerast på land, ute i frå før urørt terreng. Dette vil forverre tilhøva for villreinen i området (og for friluftslivet.) Reguleringshøgda for Illvatnet vert auka svært mykje i areal sett som viktig trekkområde for villreinen. Massane frå eit tverrslag vil kunne deponerast i sørrenden av vatnet på ein slik måte at ein nokre få meter under normal vasstand vil kunne etablere ein passasje over den sørlege delen av vatnet. Både villrein og skigårar vil kunne ha nytte av ein slik passasje. Denne løysinga er tilrådd av NVE.

Det beste for villreinen vil kanskje/truleg vere at det ikkje blir noko tverrslag ved Illvatnet i det heile, og at alle massar vert tekne ut og deponerte nedstøms Fivlemyrmagasinet. Ulempe for utbyggaren (og for villreinen som passerer Fivlemyr) er at dette vil forlenge byggetida med eitt år. Eller bør ein

konsentrere seg om å unngå deponering på land sør/søraust for sørrenden av Illvatnet, og i staden gå inn for deponering under HRV i den sørlege delen av Illvatnet, slik NVE tilrår?

I sone A inkl. viktige trekkvegar for villreinen bør det ikkje tillatast nye inngrep som reduserer villreinen sine høve til trekk og ferdsel.

Uttalelsen støttes i Oppland av Norges Jeger- og Fiskerforbund – Oppland, Oppland Orienteringskrets, Naturvernforbundet i Oppland, Vestoppland Krets - Norges Speiderforbund, Gudbrandsdal Krets - Norges Speiderforbund og Norsk Ornitologisk Forening – Oppland.

Fråsegna støttast i Sogn og Fjordane av:

Norges jeger og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane

Per Norstein, leiar



Sogn og Fjordane Turlag

Ron Overdevest, leiar Naturvernutvalet

Sogn og Fjordane Turlag



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Marit Vøien Nes Erik Solheim
- leiar - - rådgjevar -



Med venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv i Oppland
Ole Morten Fossli - Koordinator

Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane
Elisabeth Dahle - Koordinator